

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 60/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr: S 687

## **S 687, Jaslangen – klage over vedtak om byggeløyve**

Ola P. Haugrud skriv i brev datert 4.6.05 følgjande:

*Underskrivne søker herved om samtykke til oppføring av uthus på stølen som eigedommen gnr. 16, bnr. 16 har på Jaslangen (F-687). Uthuset er 7,00x2,60 m. Plasseringa er vist på vedlagte kartutsnitt.*

*Eg har også under teikning oppføring av sel på omlag 40 m<sup>2</sup>. Søknad vil bli oversendt for handsaming så snart forslaget ligg føre. Planen min er at uthuset kan nyttast som opphald inntil selet er oppført.*

*På stølsvollen står det ei dårleg brakke som skal bli fjerna i summer.*

I sak 26/05 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at stølen er teken i bruk som støl og at det er behov for det omsøkte bygg, jfr. § 13 i stølsforskriftene. Utforming av bygningen er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningsliner frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ser behovet for eit husvære og finn at uthuset kan plasserast midlertidig inntil sel kan bli ført opp. Midlertidig plassering er avgrensa til tre år.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Statskog skriv i brev datert 2.08.05 følgjande:

*Juridisk kontor har fra Statskogs lokalkontor fått tilsendt kopi av Fjellstyrets møtebok av 15. juni d.å. og er der igjennom blitt kjent med Deres vedtak i sak 26/2005. Juridisk kontor vil her fremme en klage over fjellstyrets vedtak.*

### **1. Klagefrist**

*I oversendelse fra til Statskog juridisk kontor fra Statskog avd. kontor Fagernes fremgår at;*

*"Vedtaket er av 15.06. men blir ikke sendt ut før medlemmer har sett vedtaket for eventuelle merknader. Oversendelseskonvolutten er datert 29.06. Side 2 i vedtaket var imidlertid ikke med så det fikk jeg 13.07 (med e-post). Klagefristen skulle da gå ut 02.08."*

*Jeg legger følgelig til grunn at klagefristen løper ut i dag, og at klage må anses rettidig ved dette brev.*

### **2. Faktum**

*På grunn av ferieavvikling og vansker med å nå personell som har kunnskap om sakens fakta, har Juridisk kontor i skrivende stund kun tilgjengelig de opplysninger som fremgår av Fjellstyrets møtebok.*

#### **2.1. Bygningen**

*Av fjellstyrets møteprotokoll fremgår det at Ola P. Haugrud, antatt eier av eiendommen gnr. 16, bnr. 16 i Vestre Slidre ønsker å føre opp et uthus på seteren eiendommen hans har på Jaslangen (F-687).*

*Det er opplyst at bygningen skal tjene som "uthus/oppholdsrom", inntill han får oppført sel.*

*I fjellstyrets møteprotokoll fremgår at fjellstyret har lagt til grunn at ;*

*"Det står ingen plass i korkje fjellov eller utgreiing til fjellov at stølsbruk berre gjeld mjølkeproduksjon. Det må derfor leggjast vekt på lokale tradisjonar og retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva (§ 2 i fjellova).*

*Vestre Slidre statsallmenning er den allmenningen i landet med mest stølar (300 stk), trass i at det er ein av dei minste. Stølsbruket er framleis aktivt, dei fleste stølane er i drift og statsallmenningen er utan tvil det område i landet med best bevara stølsdrift. Her har stølsdrift vore nødvendig for å oppretthalde jordbruket, både for dei som driv sau, geit eller kyr. Dette har også gjort at stølsbruket har utvikla andre tradisjonar mot det som er vanleg i andre delar av landet."*

#### **2.2 Seterens status**

*Det fremgår av fjellstyrets møteprotokoll at seteren ble utvis i 1983, og at "Utvisningsforretningen er en kombinert støl/tilleggsjords-utvisning som tillates bebygd med nødvendige stølshus."*

*Øvrige opplysninger i fjellstyrets møtebok kan tyde på at tilleggsjorden kan være tatt i bruk, men at det frem til i dag ikke er igangsatt noen seterdrift, eller oppført bygninger som kan tjene tradisjonell/rasjonell seterdrift på utvisingen.*

### **3. Juridisk kontors vurdering**

*Det synes uklart om behov for bygningen er relatert til en rasjonell utnyttning av utvist seter i tradisjonell forstand. Av fjellstyrets møtebok kan det synes som om søkerens planer for bruk av seterutvisingen har tilknytning til sauehold. Juridisk kontor kan være enig med fjellstyret i at så vel fjellov som seterforskrift*

*mangler en uttrykkelig definisjon av "seter". Det er allikevel klart at utvising av seter i statsallmenning generelt og tradisjonelt har vært forbehold sommeropphold i fjellet med melkekyr. Opphold med melkekyr i fjellet fordrer menneskelig tilstedeværelse og bygningsmasse, bl.a. med produksjonslokaler, i en helt annen skala enn tilsvarende for opphold med for eksempel sau i fjellet sommerstid.*

*Det er ikke tilstrekkelige opplysninger i saken til å kunne vurdere om fjellstyrets behandling av byggesøknad er korrekt henført under seterforskriftens § 13. Tilgjengelige opplysninger kan tyde på at forholdet burde vært henledet under annen bestemmelse.*

*Basert på de foreliggende opplysninger mener Juridisk kontor det er grunn til å stille spørsmål ved om seteren som ble utvist i 1983 i det hele er tatt i bruk. Dersom seteren ikke er tatt i bruk innen en frist på 5 år, så følger det av fjellovens § 18, 5. ledd at utvisingen faller tilbake til allmenningen.*

*Dersom den opprinnelige utvisning således er falt bort antar vi at det er nødvendig med en ny saksbehandling vedr. utvising, heri ny prøve om vilkår for utvising av seter er tilstede.*

*Dersom setteretten er falt tilbake og det ikke foretas ny utvisning antas at søknad om oppføring av uthus i beste fall kan behandles etter bestemmelsene i seterforskriftens § 23- bygning i tilknytning til tilleggsjord/beite.*

#### **4. Klage**

*Juridisk kontor finner at det er mange uklarheter i fjellstyrets vedtak, og at dette i seg selv innebærer saksbehandlingsfeil. Uklarhetene er av en slik art at det er vanskelig å se om fjellstyret har hatt en riktig lovanvendelse i saken.*

*Det er på denne bakgrunn Statskog juridisk kontor påklager fjellstyrets vedtak.*

Argumentasjon frå Statskog dreiar seg i stor grad om at det berre er mjølkeproduksjon med kyr som gir rett til støl. I fjelloven og stølsforskrifter er det ikkje klart definert kva slag drift som trengst for å få vist ut støl. Ikkje kan ein lesa det ut frå forarbeida til loven heller. Sidan kravet for å få vist ut støl ikkje står klart definert, viser Statskog til kva som tradisjonelt har vorte godkjent. Statskog hevdar at *"utvising av seter i statsallmenning generelt og tradisjonelt har vært forbehold sommeropphold i fjellet med melkekyr"*. Ein tolkar Statskog at dei meiner det ikkje er heimel for å viste ut støl til dei som driv med sau eller mjølkeproduksjon med geit.

Fjellstyret gjer merksam på at stølsbruket i Vestre Slidre er i ei særstilling. Gardane nede i bygda er relativt små og stølane har vore avgjerande for å halde oppe drifta på bruka. Det er 300 stølar i allmenningen og er den allmenning her i landet som har flest stølar. Dei fleste stølane er framleis i bruk ved mjølkeproduksjon eller slått/beite. I Vestre Slidre er 95 % av mjølkeprodusentane på stølen med dyra (opplysning frå landbrukskontoret i 2005). Vestre Slidre statsallmenning har det mest intakte stølsbruket her i landet.

Vestre Slidre fjellstyret har vist ut støl også til dei som driv med sau. Dette er saker som er gjort i full forståing med Statskog, med felles befaring og offentleg ettersyn. Statskog har ikkje kome med merknader til vedtaka. Dette stadfestar at det er lokale tradisjonar for slik utvisning og dette har tidlegare vorte akseptert av Statskog. Fjellstyret er einige med Statskog at ein må leggja tradisjonar til grunn og allmenningsbruk er svært forskjellig i ulike delar av landet. I § 2 i fjellova står det at rettane i allmenningen skal kunne nyttast etter tida og tilhøva. Dette syner at det er rom for lokale tradisjonar etter fjelloven og at dette er nødvendig for å utvikle stølsbruket. Statskog har behandla aktuell sak som ei prinsipp sak utan å leggja lokale tradisjonar til grunn. Vilkåra for utvisning er i realiteten ikkje tema her, sidan vilkåra vart bestemt i 1983.

Ola Haugrud søkte i 1981 om å ta i bruk att stølen som hadde lege til bruket tidlegare. I søknaden vart det ikkje vist til at han skulle bruke stølen til mjølkeproduksjon. Korkje Statskog eller fjellstyret viste i si behandling til eller kravde at Haugrud skulle drive mjølkeproduksjon. I utvisningsforretninga er det ikkje sett krav om mjølkeproduksjon.

I fjellova §18 står det at det utviste areal fell bort etter 5 år om arealet ikkje er teke i bruk i samsvar med opplysningar gjeve i søknaden, eller med vilkår som i tilfelle er sette for utvisinga. Ut over klare vilkår skissert i fjelloven eller stølsforskrifter, er opplysningar i søknaden og vilkår i utvisingsforretninga bindande for partane. Stølsbrukaren har gjerda inn arealet, ført opp hus og teke stølen i bruk til sauedrift. Stølsbrukaren har etter dette oppfylt dei vilkår som er sett. Det er derfor ikkje juridisk grunnlag for å seia at stølen ikkje er teken i bruk.

Twist om vilkåra for utvisning av støl kan ikkje påklagast, men må avgjerast ved skjønn jf. §18 og § 34 i fjellova. Statskog måtte eventuelt ha kravd skjønn i 1983 om ein var usamd i vilkåra. Aktuell utvisning er ei kombinert utvisning for støl/tilleggsjord. Statskog har utforma tekst på utvisingsforretninga og signert utvisninga saman med stølsbrukar og fjellstyreleiar. Dette viser at Statskog i 1983 var samd i vilkåra og krav om skjønn var derfor uaktuelt.

Statskog skriv i si klage at fjellstyret har gjort vedtak på eit uklart vedtak. Fjellstyret gjorde klart i sitt vedtak 26/05 at ein rekna stølen som teken i bruk og at byggesøknaden vart behandla etter § 13. Etter fjellstyret sitt syn kan ikkje dette uttrykkast klarare. Statskog har hatt same dokumentasjon om stølsutvisninga som fjellstyret og dei er kjend med bruken av stølen.

Statskog si klage kan ikkje oppfattast annleis enn at dei er ueinig i vilkåra for utvisninga. Slik fjellstyret tolkar klagen, meiner Statskog at det skulle vore krav om mjølkeproduksjon på stølen. Dette vart ikkje sett som krav i 1983 og det er ikkje lovheimel for ei ny behandling om vilkåra meir enn 20 år etter utvisninga.

**Vedtak:**

Statskog har ikkje klagerett over vilkåra for utvisning av støl og fjellstyret avviser klagen. Fjellstyret opprettheld vedtak i sak 26/05 og oversender saka til Statens landbruksforvaltning til avgjer.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.12.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift:  
Statens landbruksforvaltning  
Ola Haugrud  
Statskog  
Vestre Slidre kommune